**ALVER**
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Alver kommune
Trond Engelsen
Postboks 4
5906 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Trygve Solberg | 06.10.2021 |
| Vår: 21/3705 - 21/66725 | trygve.solberg@alver.kommune.no | |

# Ferdigattest parkeringsplass - gbnr 107/7 Kolås

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 1042/21**
**Tiltakshavar:** Alver kommune
**Ansvarleg søkjar:** Magne Hope AS Entreprenørforretning
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for parkeringsplass på gbnr 107/7.**
**Tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 06.06.2021.
For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.09.2021, supplert med gjennomføringsplan.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Kolås |
| Bygningstiltak: | Parkeringsplass |
| Antall plassar: | Om lag 25 parkeringsplassar |
| Storleik: | 630$m^2$ |

**Regeleverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/3705

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande | Trygve Solberg |
| Avdelingsleiar | Sakshandsamar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ingunn Oddny Kolås | Kolåsvegen 109 | 5955 | LINDÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alver kommune | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
| Magne Hope AS Entreprenørforretning | Litlåsvegen 197 | 5954 | MONGSTAD |